



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ragnhild Redse Mjaaseth, 75531559

Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2021

Dette brevet har mange av dykk allereie fått, men med uleselege kartvedlegg. Vi sender derfor ut brevet på nytt med nye kartvedlegg.

Statsforvaltaren i Nordland orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegging av naturtypar¹ på din eigedom i perioden mai til oktober 2021. Kartlegginga er en del av kunnskapsløftet for natur som blei vedteke av Stortinget i 2015 og er ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunlaget om norsk natur. Kartlegginga på din eigedom vil bli utført av firmaet Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Kvifor kartlegg vi natur på din eigedom?

Målet med kartlegginga er å få på plass god, stadfesta informasjon om naturen til bruk i arealforvaltning. Statsforvaltaren melder kvart år inn til Miljødirektoratet områder som bør kartleggast for verdifull natur i Nordland fylke. I samarbeid med Gildeskål og Bodø kommunar har vi i år foreslått å kartlegge områda som er avmerka på dei vedlagte karta. Dette er områder med stor aktivitet og utbyggingspress, og områder der vi kan forvente å finne verdifull natur. I alle områda er berggrunnen ganske kalkrik, og kalk dannar ofte grunlaget for eit rikt planteliv. Det er også stort potensiale for å finne naturverdiar knytta til kulturlandskapet i desse områda.

Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett i kartleggingsinstruksen for 2021 som er gjeve ut av Miljødirektoratet. I år skal kartleggingsområda undersøkjast for 111 ulike naturtypar. Dei fleste av desse naturtypane er raudlista i Noreg, medan resten er viktige leveområde for trua og nær trua artar.

¹ Naturtype: ensartet type natur som omfattar alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster (hentet fra naturmangfoldloven).



Du kan sjå kva område som skal kartleggast og lese meir om kartlegginga på denne nettsida:
<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/miljoovervaking-kartlegging/kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>.

Områda som skal kartleggast kan innehalde både innmark og utmark. Resultata frå kartlegginga vil bli tilgjengeleg for alle via Naturbase våren 2022; <https://kart.naturbase.no/>.

Korleis skal område kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system som heiter Natur i Norge (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 111 naturtypene. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar i samsvar med instruksjonen og ta bilete av naturtypen. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med enkeltplanter for å bestemme kva art det er på eit laboratorium.

Kven kan eg kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsløva sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det vere behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Kartleggarane vil ikkje gå inn i hagane til folk. Det er eventuelt kulturprega naturtypar som slåttemark eller naturbeitemark, som er aktuelle for kartleggarar å oppsøke på innmark. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt med Ragnhild Redse Mjaaseth hjå Statsforvalteren i Nordland på e-postadressa fmnormj@statsforvalteren.no eller på telefonnummer 75 53 15 59 før kartlegginga startar opp.

Med helsing

Mia Marthinus Husdal (e.f.)
underdirektør

Ragnhild Redse Mjaaseth
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Kart - Område som skal kartleggast på Kjerringøy
- 2 Kart - Område som skal kartleggast på Tverrlandet
- 3 Kart - Område som skal kartleggast på Sandhornøya